

Svar til spørsmål stilt av Tormod Skurtveit (Arbeiderpartiet), spørjetimen 21.3.2018

Det har vore kontakt med utbyggjarar av breiband, fiber og mobil. Det var eit møte i slutten av august 2017 med representantar frå Telenor. Dette møtet var delvis eit resultat av eit konkret innspel frå ei lokal bedrift, Motitech AS, som hadde spørsmål spesielt kring mobildekninga på Sagstad.

Møtet vart arrangert av næringskonsulenten i kommunen, og både rådmann og ordførar deltok. I dette møtet fekk kommunen ein ganske god gjennomgang av den oversikta som Telenor har når det gjeld fiber, breiband og mobil i kommunen, og korleis Telenor kan tenkje seg arbeidet vidare med dette.

Det har også vore kontakt med utbyggjarar som Telenor og dei som er ansvarlege for Nkom-søknaden i Meland kommune, utover det møtet som var i august.

Det er riktig som det blir sagt i spørsmålet at det har kome nye reglar for Nkom-midla, m.a. for å avgrense byråkratiet kring handsaminga av søknadane. No har kvart fylke fått ein tildelt pott ein skal fordele, Nkom skal berre kontrollere at kriteria for tildeling er fulgt. Drøyt kr 8 mill er tilelt Hordaland fylkeskommune for 2018. Det er og, slik eg forstår det, kome eit nytt krav om minimum 25 % kommunal medfinansiering.

Slik ordføraren forstår det har det ikkje vore konkrete møte med andre leverandørar. Vidare er søknadsfristen 18. mai til Hordaland fylkeskommune og kommunestyret vil få ei sak til handsaming i møtet 2. mai. I denne saka vil rådmannen og greie ut storleiken på den kommunale medfinansieringa.

Dette er ei svært viktig sak, og det er positivt at det er sett av kr 8 mill til Hordaland. Og ordføraren har tru på at rådmannen vil leggje fram eit god saksutgreiing når kommunestyret skal handsame saka 2. mai.

Frekhaug, 21. mars 2018

Øyvind H Oddekalv
ordførar